

## **Enn om vi snudde elvene – Jotunheimen-Breheimen på 1970-talet**

**Av Ivar Teigum**

**I boka *Strøm og styring* peikar historikaren Lars Thue på ein allianse i etterkrigstida mellom Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen (NVE), kraftkrevjande industri, Industridepartementet og industrikomiteen på Stortinget. Saman representerte dei ei einsretting i synet på næringsinteresser, regionale interesser, forvaltning og politikk. I prosjektet Jotunheimen-Breheimen på 1970-talet slo semja sprikkar.**

Denne artikkelen handlar om det store Raudalsmagasinet i Skjåk. Innanfor ein dam på 30 meter blir millionvis kubikkmeter vatn samla for å gje elektrisk kraft til ein marknad som blir stadig meir grenselaus. Framstillinga følgjer utviklinga frå tida kring den første verdskrigen og fram til 1980-talet da planen om ein dam som var meir enn fire gonger så høg, vart skrinlagd. Utbygginga av Øvre Otta på 2000-talet er ikkje ein del av emnet vårt.

Emnet gjeld også prinsipp om eigarskap og forvaltning med fallrettane i elva Otta som eksempel. Utbygginga av Raudalen på 1950-talet, saman med dei store statlege utbyggingsplanane for Jotunheimen og Breheimen på 1970-talet, sette på spissen spørsmålet om rettane til å bli høyrd for bygdefolk og kommunar i forhold til det sentrale statlege forvaltningsnivået.

I botnen ligg innføringa av konsesjonslovene tidleg på 1900-talet i forhold til vasskraftressursane. Lova om vassdragsregulering frå 1917 står sentralt. Utanlandske oppkjøp av fossar i Noreg var da stoppa. Offentlege instansar og norske borgarar kunne engasjere seg i kraftutbyggingar, men alle måtte ha konsesjon frå staten før dei kunne setja i verk prosjekta sine. Ved utbyggingar skulle ressursen erstattast i form av avgifter og konsesjonskraft i tillegg til skatteinntektene som kraftselskapet eventuelt måtte ut med. Fallrettar oppkjøpte av private var gjenstand for heimkjøp til den norske staten etter ein periode på 50-70 år.

For å få fortgang på elektrifiseringa av landet, let Stortinget brukseigarforeiningar bli organiserte som kunne sikre rettane til regulering av vatn og vassdrag. Medlemer i brukseigarforeiningane var private eigarar og offentlege organ med tinglese eigarskap til vassressursar. Ei slik samanslutning var Glommens og Laagens Brukseierforening. Og fleire initiativ kom til. I Kristians Amt vart ein overingeniør tilsett i 1913 som fekk i oppgåve å registrere og planleggje moglege utbyggingsprosjekt. I kommunane vart det danna elektriske komitear.

I Ottadalen var det to aktuelle prosjekt, Eidefossen i Vågå og Høgfossen i Skjåk. Eit kraftanlegg i Eidefossen stod ferdig til jul i 1917. Etter kvart stod Vågå kommune og kleberbedrifta Østlandske Stenexport med kvar sin lik eigardel. Høgfossen i Skjåk nådde ikkje å bli utbygd før etterkrigskrisa slo inn. Einast eit hjelpekraftverk i sideelva Aura rokk å bli sett i stand med tanke på den større utbygginga som det ikkje vart noko av.

## **Dambyggjaren Glommens og Laagens Brukseierforening**

Det store problemet for elvekraftverka var vintervassføringa. Kring den nedre delen av Glåma var det bygt fleire kraftverk som forsynte Akershus og Østfold med elektrisk kraft. Men vintervassføringa var ein flaskehals. Det store oppgåva for Brukseigarforeininga (GLB) vart å registrere ressursane i heile nedslagsfeltet til Glåma og Lågen oppover til fjellstroka lengst i nord. Resultatet førte til omfattande reguleringar og bygging av dammar frå Osensjøen i Hedmark i nordaust til Bygdin i Oppland i nordvest. Gjende i Vågå og Tesse i Lom var aktuelle for regulering, men var omstridde. Raudalen og Aursjoen i Skjåk og sjølve Vågåvatnet vart oppmålte, men vart også sette på vent.

Først i 1938 søkte Brukseigarforeininga konsesjon for ein dam i Raudalen og ei mindre regulering av Breidalsvatnet i Skjåk. Men før prosjektet kunne setjast ut i livet, kom krigen. Etter oppheving av lovene som regulerte vilkår og framgangsmåtar, vart firmaet A/S Konstruktion engasjert til å starte ei førebels utbygging. Under eit par år profiterte dei stort på krigen. Etter krigen, med søknadsvilkår og stortingsbehandling atter på plass, kunne den planlagde reguleringa med ein dam på 30 meter i Raudalen og ein mindre i Breidalen fullførast.

Under okkupasjonen sette Eidefoss i gang bygging av ein kraftstasjon i elva Tessa. Dette vart følgt opp av Brukseigarforeininga med ei første regulering av fjellvatnet Tesse. Slik vart kraftselskapet betre forsynt både med kraft og vintervassføring. I Skjåk var stoda ei anna. Under behandlinga i kommunestyret i 1938 vart det ikkje reist krav til Brukseigarforeininga om bygging av eit kraftverk i samanheng med reguleringa. I 1954 var derfor Raudalen og Breidalen regulerte av omsyn til vintervassføringa i Nedre Glåma utan at Skjåk hadde drege ein føremonn i form av elektrisk kraft.

På 1960-talet var store ting på gang. Kraftlaget Opplandskraft med fylka Oppland, Hedmark, Akershus og Oslo kommune som medlemmer, kjøpte opp fallrettane i Skjåk saman med Tafjord kraftselskap. Dette var den delen av nedslagsfeltet som seinare gjekk under namnet Øvre Otta, og som Brukseigarforeininga ikkje alt hadde konsesjon på. Østfold fylke kjøpte opp elva Bøvre i Lom.

Samstundes dreiv Statskraftverka omfattande undersøkingar i heile området kring Jotunheimen og Breheimen, undersøkingar som ikkje lengre berre dreia seg om einskilde vassdrag, men om heile system. Det var dette arbeidet som i 1973 munna ut i eit kjempeprosjekt med Raudalsdammen som det sentrale magasinet. Den teknologiske utviklinga hadde gjort det mogleg å sjå mange vassdrag under eitt. Eit stort system omfatta fjellheimen som til da hadde skilt Austland og Vestland. I ein teknisk visjon kunne ein ta vassdraga på den eine sida av kjølen og føre dei over til den andre.

## **Jotunheimen-Breheimenprosjektet**

Søknaden frå 1973 inneheldt to hovudalternativ. I det høgast prioriterte alternativet skulle Bøvre i Lom og sideelver i Skjåk førast til eit utvida magasin i Raudalen og derifrå takast til kraftverk på vestida i Stryn og Jostedalen. Dammen i Raudalen ville bli høgda til 130 meter.

Av elva Otta gjennom Skjåk ville det bli att 20 % og mindre. Det andre alternativet hadde det same magasinet i Raudalen, men der skulle vatnet takast austover og vestover etter naturlege skil. Men der ville også vassføringa i Otta bli sterkt skipla.

Sommaren 1974 kalla Statskraftverka saman til eit møte i Lom der føremålet var å få til ei finansiering av kjempeprosjektet Jotunheimen-Breheimen, og å få organisert eit utbyggingsselskap av alle partane på både sidene av fjella. Dette skulle vise seg å bli vanskeleg. Og fleire hindringar dukka opp.

Til prosjektet Jotunheimen-Breheimen var det laga om lag 40 rapportar som omhandla verknader av alle slag. Så mykje skulle undersøkjast om verknader på landskap, næringsvegar, kultur og klima at direktøren i Opplandskraft undrast om det aldri skulle ta slutt. Dei mest dramatiske følgjene galdt forholda i Mjøsa. Den endelege rapporten om ureininga der vart utgjeven i 1975, og den var det umogleg å oversjå. Eitt resultat var Mjøsaksjonen i tidsromet 1977-84 til milliardar av kroner og eit kjempestort oppsving for maskinentreprenørar i distriktet.

I ein artikkel i Historisk tidsskrift drøftar Yngve Nilsen spørsmålet om skilnaden mellom fleire store kraftanlegg på 1970-talet. Ulla-Førre vart bygd ut utan vidare motstand medan prosjektet Jotunheimen-Breheimen vart oppgjeve. Nytt med desse anlegga var alle rapportane som vart utarbeidde. På fleire fagområde var miljøa i ferd med å tenkje i andre baner, ikkje minst i spørsmål om økologisk mangfald. Det var på den måten at forholda i Mjøsa kom opp saman med ein interessemotsetnad mellom utbyggingskommunar og distrikt kring ein døyande innsjø. Først i Kommunaldepartementet og sidan i det nyoppretta Miljødepartementet var det på denne tida utvikla andre perspektiv på samfunnsplanlegging enn det som tidlegare var tilfellet.

Ein annan verknad var at søknaden frå 1973 med overføring mot vest av elvene vart skrinlagt i 1977. Frå da av var det alternativet med aust mot aust og vest mot vest som galdt, men framleis med det store magasinet i Raudalen i Skjåk som krumtapp. Det skulle gå berre eit år, så var også det alternativet sett på vent. På den måten la det nyleg oppretta Miljødepartementet autoritet til nye måtar å tenkje på som låg i tida. Att stod eit perspektiv med utbygging bit for bit framskva inn i ei uviss framtid. I 1984-85 kom den første delen av ein nasjonal Samla plan for vassdrag som vidare la vekt på miljø og naturmangfald.

Eit forhold som særleg historikaren Per-Øyvind Sandberg peikar på i boka om Kraftlaget Opplandskraft, gjeld dei sprikande interessene kring sjølve utbygginga. I gruppa som arbeidde for Jotunheimen- Breheimen-utbygginga, sat representantar for alle offentlege forvaltingsnivå ved sida av Statskraftverka, fleire fylke i aust og vest, og fylkessamanslutninga Opplandskraft. Dette viste seg vera vanskeleg å få i hop når heller ikkje departementa stod på det same ordet. Og heller ikkje mellom utbyggingsselskapa var det semje.

Mange utkantkommunar kjende seg tilsidesette i samband med kraftutbyggingar og ville gjerne ha eit ord med i laget. Ikkje minst galdt dette kommunane i Ottadalen som offisielt og

reelt gjekk inn for kraftutbygging. I 1974 møttest kommunane kring Dovrefjellplatået på Tolga i Østerdalen og kravde å bli høyrde i saker som galdt vassressursar i sine område. Tre år seinare var engasjementet utvida til over 90 kommunar kringom i landet, som danna Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK). Aksjonen allierte seg med advokathjelp og fekk igjennom eit krav om å bli høyringsinstans og part i saker av felles interesse.

I jubileumsboka til LVK kallar Lars Thue dette for ei vellykka blanding av bondekonservatisme med eit innslag av skarpskodd urban advokathjelp. Fleire kommunar med hjørnesteinbedrifter var også med. Saman med Samla plan for vassdrag representerte LVK med sine over 170 kommunar som medlemmer, ein varig verdi både for demokratiet og naturmangfaldet etter at kongstanken om å snu elvene var oppgjeven.

Artikkelen er del av ei meir omfattande framstilling i jubileumsboka *Frå Høgfossen ein arv – Skjåk Energi 1919-2019*, som blir utgjeven våren 2019.